

SAL – OG SKJENKELØYVE FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK

Salsløyve – Alkohollova § 3:

Med sal av alkoholhaldig drikk meinast overdraging av drikk med inntil 4.75 volumprosent alkohol – til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden. Sal kan berre gjevast på grunnlag av løyve og slikt mynde ligg til kommunestyret. Kommunestyret har vidaredelegert til utval for omsorg, oppvekst og kultur, jf. K- sak 152/12. Generelt løyve kan gjevast for periodar inntil 4 år.

Skjenkeløyve – Alkohollova § 4

Med skjenking meinast sal av alkoholhaldig drikk for drikking på staden. Skjenking skal berre skje på grunnlag av løyve og slik mynde ligg til kommunestyret. Kommunestyret har vidaredelegert til utval for omsorg, oppvekst og kultur, jf. K- sak 152/12. Generelt løyve kan gjevast for periodar inntil 4 år.

Kommunen har med heimel i alkohollova ansvar for kontroll med utøving av kommunale sals- og skjenkeløyve.

Den kommunale kontrollen med sals- og skjenkeløyve er avgjerande for ein god alkoholpolitikk. Kontrollen med korleis løyvet blir brukt, er svært ofte eit effektivt verkemiddel mot dei vanlegaste problema rundt alkoholomsetning, slik som overskjenking, vald og fyll på offentlege stader.

I følgje kommunen sitt delegasjonsreglement har Utval for omsorg, oppvekst og kultur fått delegert mynde å tilbakekalla sals- og skjenkeløyve, jf. lova § 1-8, mens det er delegert til rådmannen å gje åtvaring ved brot på lova eller forskrift som vert avdekka ved kontrollar.

Aurland kommune har inngått avtale med Trygg 24 om gjennomføring av kontrollar i kommunen.

Skjenkereglar:	<p>Kommunen har ingen tak når det gjeld tal sals- og skjenkeløyve. Kommunen har vedteke utvida sals- og skjenketider, sett i forhold til det som er normaltider i lova.</p> <p>Verksemder som har løyve til å skjenkje brennevin, kan skjenke på heile sitt skjenkeområde – både inne og ute.</p> <p>Kommunen vil ikkje gje løyve til alkoholservering ved:</p> <ul style="list-style-type: none">- Stader som er spesielt retta mot barn- Idrettsarrangement
Kontrollmyndet:	<p>Kontroll skal mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none">- Føre tilsyn med at løyvehavarane følgjer alkohollova, vilkåra i løyvet. Kontrollørane i kommunen bør først og fremst leggja vekt på å kontrollera:<ul style="list-style-type: none">o sals – og skjenketideneo aldersgrensereglaneo om det blir selt eller skjenkt til tydeleg rusa personar

	<ul style="list-style-type: none"> - rettleia løyvehavarane om føresegnene i alkohollova og eventuelle lokale forskrifter - leggja grunnlag for sanksjonar, t.d. inndraging, dersom lov, vilkår eller retningslinjer blir brotne
<p>Salstider: (jf. alkohollova § 3-7 og egne vedtekter)</p>	<ul style="list-style-type: none"> - På vanlege kvardagar mellom kl. 08.00 og kl. 20.00 - På dagar før sun- og helgedagar skal salet slutta kl. 18.00, med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag. - Påske-, pinse-, jul- og nyårsaftan mellom kl. 09.00 og kl. 13.00 - Sal og utlevering av drikk som nemnt i første ledd skal ikkje skje på sun- og helgedagar, 1. og 17. mai, og på valdagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemning vedtatt ved lov.
<p>Skjenketider:</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Den generelle skjenketida for brennevin i Aurland kommune vert sett til kl. 01.00. - Den generelle skjenketida for øl og vin vert fastsett til kl. 02.00. - Den generelle skjenketida for skjenking ute vert fastsett til kl. 01.00. <p>Dersom opningstida for eit særskilt høve vert utvida til etter kl. 01.00 får rådmannen fullmakt til å gje skjenkeløyve for øl, vin og brennevin til det same høve.</p>

<p>Ambulerande skjenkeløyve – alkoholova § 4-5:</p>	<p>Løyve til skjenking av brennevin, vin og øl i slutta lag. Med slutta lag meinast at det allereie før skjenkinga startar, er danna ein slutta krets av personar, som samlast for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale på skjenkestaden. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein før skjenkinga har skrive seg på ei liste eller kjøpt billetter.</p> <p>Dersom det oppstår tvil, må kommunen avgjere om eit selskap kan reknast som slutta lag etter alkoholova sin forstand.</p> <p>Ved løyve til ambulerande skjenking skal det peikast ut ein styrar som er ansvarleg for løyvet jf. 1-7 c første ledd. Det er ikkje krav om bestått kunnskapsprøve. Det er heller ikkje krav om at det skal hentast inn uttale frå politiet og NAV før løyvet vert gitt.</p>
<p>Serverings- og drikkeforbod § 8-9</p>	<p>Det er forbod mot å drikke eller servere alkohol med mindre det føreligg løyve til dette, sjølv om det skjer utan vederlag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - i lokale der det blir drive serveringsverksemd - lokale som til vanleg er ålment tilgjengeleg for det offentlege - i forsamlingslokale eller andre felleslokale - på anna stad der offentleg møter, fester, utstillingar eller andre tilstellingar finn stad - på gate, torg, veg, i park eller på anna offentleg plass - på skip, fly, tog, buss eller annan innanriks transportmiddel for ålmenta. <p>På stader som nemnd i første ledd, må heller ikkje eigar eller annan ansvarleg oppbevare, servere eller tillate servering eller drikking av alkohol</p> <p>Forbodet mot drikking og servering av alkohol i lokale som nemnd i første ledd nr. 1,2 og 3 gjeld ikkje når eigar, leiar, drivar eller tilsett disponerer lokala til eige bruk i slutta lag.</p> <p>Forbodet mot drikking og servering av alkohol i lokale som nemnd i nr. 2 og 3 gjeld heller ikkje når lokalet vert leigd eller lånt ut til privatperson for ein enkelt bestemt anledning til slutta lag.</p>
<p>Alkoholservering utan løyve § 8-9 3. ledd</p>	<p>Privatpersonar som leigar/låner eit lokale kan servere alkohol ved særskilt løyve eller slutta lag. Lova sitt utgangspunkt er at all servering av alkohol mot vederlag krev løyve, medan servering utan vederlag normalt er tillat utan løyve.</p> <p>Det er berre tilgang til alkoholservering utan løyve ved slike private arrangement når utleigar /lånar eller hans /hennar representantar ikkje er involverte i arrangementet på nokon anna måte enn å stille lokalet til rådvelde, og der leigetakar bringar med sine egne drikkevarer.</p>

	<p>Dersom utleigar/ utlånar står for innkjøp eller servering av mat eller drikke, vil det krevje løyve, sjølv om dette blir gjort utan vederlag. Det krev også løyve dersom eit utanforståande firma står for innkjøp eller servering av både mat og alkohol. For at alkoholservering skal kunne skje utan løyve må dei alkoholhaldige varene alltid skaffast av privatpersonen sjølv, på sama måte som ein hadde gjort ved ein fest heime. Hensikta er å gje privatpersonar høve til å ha arrangement som eit private selskap/fest, der eige stove blir for lite og det er trong for eit større lokale.</p>
<p>Definisjon på ” slutta lag”</p>	<p>Slutta lag vert å forstå slik at det før skjenkinga startar, er danna ein slutta krets av bestemte personar som samlast for eit bestemt formål i eit bestemt lokale på skjenkestaden. Kretsen av personar må ikkje vera open for utanforståande. Det er ikkje tilstrekkeleg at man før skjenkinga startar, skriv seg på ei liste eller kjøper billett, sjølv om tal gjester er avgrensa. Initiativet må vanlegvis koma frå andre enn skjenkestaden sjølv. Klubbar og liknande med avgrensa medlemskap vert ikkje i seg sjølv rekna som slutta lag og heller ikkje vanlege medlemsmøte i foreiningar.</p> <p>Eksempel: Fest, der invitasjon skjer gjennom sosiale media eller liknande, og der festdeltakarar kjem til etter kvart, vert ikkje definert som slutta lag etter lova.</p>
<p>Melding frå publikum om brot</p>	<p>Dersom det kjem inn melding til kommunen om mogeleg brot på sals- og skjenkeløyve frå publikum, skal denne meldinga vidareformidlast til dei som utfører kontrollen for kommunen. Kontrolløren skal ta dette opp med løyvehavar så snart som råd.</p>

RETNINGSLINER FOR REAKSJONAR NÅR VILKÅR FOR OMSETNING AV ALKOHOLHALDIGE VARER VERT BROTNE

§ 1

Når det vert avdekka brot på reglar for sal- eller skjenking av alkohol, eller anna regelverk som har samanheng med alkohollova sitt føremål, skal administrasjonen straks leggje saka fram for utval for omsorg, oppvekst og kultur, som er kontrollutval.

Rådmannen har delegert mynde til å gje åtvaring ved brot på lova eller forskrift som vert avdekka ved kontrollar. Dette kan vere mindre brot som td. brot på reklameforbodet, manglande tilbod på alkoholfri drikke eller drikking av medbrakt alkohol på skjenkestaden. Ved fleire slike åtvaringar i løyveperioden vert saka lagt fram for politisk utval, for vurdering av strengare reaksjon.

§ 2

Følgjande reaksjonar skal kunne gjevast:

1. For første gongs brot på reglar for overskjenking og om tidsgrenser for skjenking av øl, vert det vurdert inndraging av løyvet frå ein dag til 3 månader
2. Ved første gongs brot på reglar om sal eller skjenking til mindreårige og om mindreårig si deltaking i sal eller skjenking av alkoholvarer, vert det vurdert inndraging av løyvet frå to veker til eit år.
3. Ved fleire gongers brot og/eller ved særleg alvorleg brot på regelverket, skal inndraging normalt skje for resten av løyveperioden
4. Ved brot på føresegner gjeve i, eller i medhald av andre lover, når føresegnene har samanheng med alkohollova sitt føremål, vert det vurdert inndraging tilsvarande som i pkt. 1 og 2.
5. Ved manglande innbetaling av alkoholavgift, eller dersom løyvehavar let vera å etterkoma eventuelt oppmoding frå kommunen om å senda inn inntektsoppgåve for alkoholomsetnad som berekningsgrunnlag for avgift, vert løyvet vurdert inndrege til avgift vert betalt

§ 3

Elles gjeld retningslinene for kontroll med skjenking av alkoholvarer og sakshandsamingsreglar i forvaltningslova og i forskrift om omsetning alkoholhaldig drikk m.v. kap. 9

Kontrollverksemda skal føregå på følgjande måte :

- Minst ein gong i året skal kontrollørane informera skjenke- og salsstaden anten skriftleg eller munnleg om det regelverket som gjeld
- Kontrollverksemda forpliktar seg til kvart år å ha eit møte med kontrollnemnda i kommunen for å informera om erfaringar med kontrollarbeidet
- Det skal gjennomførast kontroll ved alle sals- og skjenkestader årleg. Kommunen har i perioden bestemt at det skal gjennomførast inntil 6 kontrollar i året for kvart løyve.
- Minst fire av kontrollane skal leggjast til dagar og tidspunkt då ein kan venta at det er auka aktivitet m.o.t. sal og skjenking
- Etter kvar kontroll skal det skrivast rapport om resultatet av kontrollen til kontrollnemnda i kommunen